Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Helsing.

Oppskr. av: Aanund Hardang.

(adresse): V. Hjartdal

Fylke: Telem.

Herad: Hjartdal

Bygdelag:

Gard: Haugeberg

G.nr. 52 Br.nr. 5.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Nokor serleg rørsle var vel ikkje vanleg, men kan vel hende sume kruka ei lita rørsla med med hovudet.

2 Ja det har nok vore slik at folk vanleg helsa på kvarandre anten dei kjende kvarandre eller ikkje. No gjeng det ut av moten å helsa på folk ein ikkje kjenner.

3 Nei det har eg aldri høyrt at det var nokon regel for kven som skulle helsa fyrst.

4 Det vanlege har vore å seia „god dag" eller „gó mårå".

5 Det har ikkje før vore vanleg å taka av seg hatten når det var kjende d.v.s bygdefolk. Derimot var det kruka å ta av seg hatten når ein møtte embetsfolk t.d. presten, lensmannen eller doktoren m.fl.

6 Før kruka dei vel å halde hatten eller taka under armen. dette var eit merke på å vera audmjuk. Nokor andre måtar å halda hatten på, har kje vore kjende.

7 Dei kruka å nevahelsa.

8 Dei handhelsa når dei var på vitjing, i lag og på høgtidsdagar ved kyrkja.

9. Det var vel berre embetsmenn.

7671

2.

10 Ja dei lyfte på hatten
11 Dei stogga opp, og mange tok av seg hatten.
12. Jau dei helsa på ymse steinar når dei reiste til Solero om våranne, er det fortalt.

13 Nokor visst klokkeslett veit ein ikkje å nemna for kvar helsing som er nemnd i spyrjelista; men frå morgonen og fram over til middag bruka ein å seie „god morn“, eller og berre „god dag“. Var det om kvelden, sa ein „god kveld“. Var det seint so sa ein „god natt“.

14 Ein kan nok ikkje seie at ein såg det som urimeleg om ein og annan nytta ei helsing som ikkje var rett; folk har ofte bruka urett helsing etter tida på dagen. Men mang ein gong vart det nok åtgått og.
15 Gamle folk bruka å svara: „Gud sign“.
16 Som eg sa er „go morn“ vorte nokså vanleg til alle tider på dagen.
17 No er det avlagt med slike helsingar som „Guds fred“, „signe arbeidet“ o.l.
19. Det er vanleg at gjesten helsar „God-dag“ til dei andre som er inne og som han ikkje har helsa på før.
20 Når det var ein bestemt ein ville tala med bruka ein å seie: „Må eg få fa snakka eit par ord med deg“ o.l.
21 Før bruka ikkje folk å banke på dora før ein kom inn og helse fyrst, i seinare tid ein har byrja å banke på dora

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

for ein gekk inn. Men det var som oftast bruka „å banke på" so at folk skulde koma ut, so den framande fekk tale med den han skulde treffe. Var det då ein annan enn den han vilde tale med, som kom ut, sa den framande: „Vil du beda han koma ut." Då var det som oftast den framande vart innbeden. Mange gamle rekkna det mest ikkje for sömeleg å gå beint inn. Ein måtte fyrst „banke på", so ein då kunne veta innbeden. No er dette meir slutt.

22 No når folk kakkar på döra brukar dei her som andre stader å seia: „Kom; ..., ver so go."

23 Til vanleg vart nok den framande ståande ved döra til dei bad ha å sitja ned.

24 Det var nok vanleg å ta av seg hatten eller luva straks han kom inn.

25. Det var nok den vanlegste måten før som no at dei baud folk sitja med „Ver so god".

26 Det vart gjort forskjell på „fine" og „simple" i måten å beda dei fa sitja ned.

30. Ein bruka som oftast å segja: „Du må leva so vel." Den andre svara då: „Takk i like måte", „Ha det same."

31 Var det langfarande so handhelsa dei. „De far ha takk for alt godt og leva vel," eller noko slikt. Det var vel mest sama helsinga om det var for siste gong.

32. Det var alle skikk å kyssa kvarandre til farvel her på desse kantar.

Det hadde nok vore rekna for usömeleg

7671

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

med kyssing.
34 Nei 35 Var det barn bruka ein kanske å kysse.
36 Vart ikkje bruka. 37 Ukjendt her.
38 Du må gjeva ho (han) ein „kyss" eller „ein nuss".
39 Det var i bruk dette å gni nasen sin mot nasen til småborn. Dette kalla dei „a bytte nase".
40 Dette kunne visst kven som helst.
41 Det kjem for meg at eg høyrde om noko slikt som å „skelo nasen til barnet"; men korleis dette vart gjort kan eg ikkje segja.
42 Det var nok mykje i bruk å legge kjake mot kjake som kjærteikn. Dette kallar dei å gjeva ein „lur". „Dei lura kvarandre".
43 Det var helst millom born og foreldre og likeins millom kjorakte folk.
44 Nar folk skulle ut på ei reis, lang eller stutt, sa dei til han som reiste: „Du må ha lukke på reisa" „Du må ha god tur," eller „fie lukke".
45 Folk har frå gamalt bruka: „god jol", „godt nyår." „Til lukke med dagen" Til lukke med ein son, ei dotter
46 Eg vilde gjerne trøyste i sorga.
47 Nokor serskilt takk kan eg ikkje hugsa.
48 Ein bruka nok å takke på vegne av den avlidne både heime under gravferda og ved grava.
49 Nokor serskild måte ved fakler å syna vanvyrdnad for eit menneske, kjenner eg ikkje til.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
1507

50 Til vanleg brukar folk å sei „du."
Helder meir tilbort i seinare tid å sei
„De" – då helst embetsfolk.
51 Far bruka dei å sea „han" til
„övrigheita". Presten kalla dei „far".
No er dette slutt.

7671

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING